



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4,
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 29.01.2021

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 28.01.2021

Møtetid: kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Monica Sunde Tjønnås, Kenneth Førde, Sissel Sørebo

Fråverande:

Andreas Ester, Frode Merkesvik

Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Torunn Styve, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok
Innkalling og sakliste vart godkjent, med tillegg av 2 ekstra meldingssaker. Det kom merknad til nokre formuleringar i møteboka frå møtet den 3. desember 2020. Dei aktuelle formuleringane vert endra, og møteboka frå 3.12.2020 vert sendt ut på nytt.

Meldingssaker

- 001 Soknepresten har ordet**
Soknepresten var ikkje til stades.
- 002 Rekneskapsrapport 2020**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet.
- 003 Framlegg til ny gudstenesteforordning i Sunnfjord**
Framlegget frå prosten er sendt til sokneråda for uttale.
- 004 Kommunen sitt finansieringsansvar for DNK**
Kommunane sitt finansieringsansvar for lokalkyrkja er vidareført i ny kyrkjelov
- 005 Gatelys ved Lavik kyrkje**
Det vil kome opp eit gatelys på parkeringsplassen ved kyrkja i nær framtid
- 006 Reparasjon av orgel i Høyanger kyrkje**
Utbetring av tørkeskader i orgelet i Høyanger kyrkje startar 8. februar.
- 007 Informasjon frå Kirkerådet om soknemøter i 2021**
Informasjon om korleis ein bør gjennomføre soknemøta er vidaresendt til sokneråda
- 008 Rundskriv om forvaltning av kyrkjer og gravplassar**
Rundskrivet vert distribuert til fellesrådsmedlemene på epost.

- 009 Framtida til Høyanger bedehus**
Kyrkjeverja orienterte om status i saka.
- 010 Manglande skjerming av rørovnane i Lavik kyrkje**
På julafta var det eit lite barn som brende seg stygt på ein av rørovnane i kyrkja. Lavik sokneråd ber om at det vert montert ein skjerm over kvar ovn, slik som i dei andre kyrkjene.
- 011 Varmepumpa ved Høyanger kyrkje**
Kyrkjeverja orienterte om at varmpumpa ved Høyanger kyrkje no er ute av drift, og at leverandøren melder at den vanskeleg let seg reparere for ein forsvarleg kostnad. Dette er ei sak som vil bli gjenstand for nermare gransking før vi kan konkludere.

VEDTAKSSAKER

Sak 001/21 TARIFFOPPGJERET 2021

Vedtak:

Det tilrådde framlegget vart vedteke, og er rapportert inn.

Sak 002/21 KA SIN STRATEGIPLAN

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd har vedteke høyringsuttale med støtte til KA sitt utsende framlegg, og uttalen er sendt inn.

Sak 003/21 FRAMTIDIG KYRKJELEG ORGANISERING

Vedtak:

Saka vert utsett til sokneråda og fellesrådet har fått sett seg meir inn i dei ulike framlegga og kva dei innebær, før ein gjev nokon uttale.

Sak 004/21 SEKRETÆRRESSURS VED HØYANGER KYRKJEKONTOR

Vedtak:

Saka om behov for auke i sekretærressurs ved Høyanger kyrkjekontor vert utsett til neste møte. Kyrkjeverja førebur saka med presisering av sekretæren sine arbeidsoppgåver og ansvarsforhold knytt til stillinga, jfr. Stillingsinstruksen, og kjem med framlegg til vedtak basert på noverande og framtidige arbeidsoppgåver, og personell-situasjon ved kyrkjekontoret.

Sak 005/21 REVIDERT BUDSJETT 2021

Vedtak:

Revidert budsjett 2021 vart vedteke